

Status februar 2020:

Forskingssirkelen har til no hatt 6 møter der vi har utforska korleis brukarmedverknad på rusfeltet vert forstått, erfart og praktisert. I forskingssirkelen deltek to frå Høgskulen på Vestlandet (HVL), to personar frå NAV, to som arbeider med kommunale rustenester og fire personar med erfaring frå å ha hatt rusproblem. Vi har hatt mange lærerike diskusjonar der vi har diskutert kva som hemmar og fremmar høve til medverknad for personar med rusproblem knytt til desse tilhøva:

- a) Eigenskapar ved brukar og hjelpar (kompetanse, haldningar, ferdigheiter)
- b) Samhandlinga mellom hjelpar og brukar (kommunikasjon, språk, tilgjenge)
- c) Institusjonelle rammer og strukturelle vilkår (tilgang til tenester, økonomiske ressursar, samarbeid med andre, dokumentasjonskrav..)
- d) Brukarmedverknad på systemnivå (erfaringskonsulentar, brukarråd, representasjonsutfordringar..)
- e) Dilemma ved brukarmedverknad på rusfeltet

Mellom møta har deltakarane diskutert dei aktuelle tema med andre i sine system og tatt med innspela til våre diskusjonar i forskingssirkelen. Representantane frå HVL har saman med Håvard Aaslund gjennomført ein systematisk litteraturstudie som har undersøkt kva kunnskap eksisterande forskingslitteratur har gitt om korleis menneske med rusutfordringar forstår og erfarer brukarmedverknad i møte med helse- og velferdstenestene. Vi har funne 11 vitenskaplege artklar som tilfredsstillar inklusjonskrava og held på å analysere desse.

I mars skal vi i forskingssirkelen arrangere eit midtvegsseminar der vi på bakgrunn av arbeidet så langt, vil bestemme oss for kva fokus vi vil ha for forbetningsprosjekta vi skal arbeide med i neste fase av arbeidet. For i neste fase, fase to av forskingssirkel-arbeidet, skal vi utvikle og gjennomføre modellar for å betre moglegheiter for brukarmedverknad på rusfeltet. Vi skal både utvikle modellar for forbetring av brukarmedverknad i velferdstenester og utvikle undervisningsopplegg for ulike utdanningsprogram ved HVL. Vi gler oss til ein spanande vår!